



Sauda kommune



Økonomiplan 2023 – 2026

Budsjett 2023

Vedtatt 14.12.2022, sak 093/2022

Innhald

Kommunestyrets vedtak side 3-6

1.	Kommunedirektørens innleiing	7
2.	Vedtak, årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023 – 2026.....	9
3.	Organisering og arbeidsgivarstrategi.....	11
	Tilsette i Sauda kommune.....	11
	Administrativ organisering.....	12
4.	Overordna føringar for økonomiplanperioden	15
	Samanheng budsjett- og økonomiplan og kommuneplan.....	15
	Finansielle måltal	17
	Økonomisk utvikling i planperioden	18
	Befolkningsutvikling og demografi.....	20
5.	Omstilling Sauda 2025	27
6.	Satsingsområder	29
	Innovasjon, samarbeid, samskaping	29
	Verdiskaping og næring	30
	Leve i Sauda.....	31
	Energi, klima og miljø.....	31
	Tettstadutvikling	32
7.	Talbudsjettet.....	34
	Driftsbudsjettet 2023 og økonomiplan 2024 – 2026.....	35
	Forutsetningar for framskriving i økonomiplanperioden	36
	Næringskapitlet.....	38
	Investeringsbudsjettet	40
8.	Vedlegg	43
	Vedlegg 1: Overordna styringskort	43
	Vedlegg 2: Kommunale avgifter og betalingssatsar for 2023	59
	Vedlegg 3: Detaljert investeringsbudsjett	59
	Vedlegg 4: Bevilgningsoversikt investering 2023	62
	Vedlegg 5: Låneoversikt	65
	Vedlegg 6: Unntak eigedomsskatt	66

Kommunestyrets vedtak:

1. Inntektene for Sauda kommune består av rammeoverføring, skattar og avgifter, øymerka tilskot og sal m.m.

Driftsbudsjett

2. Årsbudsjett for 2023 og økonomiplan for 2024 - 2026, samt avgifter, gebyr og betalingsssatsar for 2023 (vedlegg 2) vedtas med endringar i verbalpunkt 10-26.

3. Tallbudsjettet vedtas med brutto driftsresultat på 13,3 % av driftsinntekter. Netto driftsresultat utgjør 10,7%. For 2023 er det budsjettert med eit overskot på kroner 57,25 millionar. Overskotet vert avsett til disposisjonsfond.

4. Driftsbudsjettet vedtas med netto ramme. Det vil si utgifter minus inntekter er likt budsjett. Netto rammer er som følgjande:

Politisk nivå og Fagleg stab og støtte	kroner 51 434 668
Oppvekst	kroner 110 207 347
Helse og velferd	kroner 202 840 130
Næring og samfunn	kroner 123 921 401
Netto driftsramme kraft	kroner -206 488 667
Avskrivningar og kalk/renter	kroner -54 910 506
Total netto ramme	kroner 227 004 373

Nettorammene er inklusive avskrivningar og kalkulatorisk kostnad (VAR), men eksklusiv avsetning til, og forbruk av fond. Kommunedirektør delegerast myndigheit til å omdisponere innanfor rammene. Kommunedirektør delegerast myndigheit til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingar. Ledige stillingar skal bli nøye vurdert med omsyn til alternativ organisering for å løyse arbeidsoppgåver utan nyttilsettingar.

Investeringar

5. Investeringsbudsjett for 2023, hovudpostar:

Investering innanfor sjølvkost (VAR)	Kroner 8 250 000
Andre investeringar	Kroner 31 237 500
Startlån for vidareformidling	Kroner 10 000 000

Kommunedirektøren gis fullmakt til å omdisponere midlar i investeringsbudsjettet til vedtekne prosjekter. Delegasjonen er avgrensa til 1 million kroner. Ved omdisponeringar skal formannskapet orienterast.

6. Sauda kommune tar opp følgjende lån i 2023:

VAR	Kroner 8 250 000
Øvrige opplån	Kroner 11 490 000
Startlån	Kroner 10 000 000

Kommunedirektør blir delegert myndigheit til å ta opp lån og godkjenne endelege lånevilkår, avdragstid, rente og å binde renta for lån innarbeida i budsjettet og vedtatt av kommunestyret, jf. finansreglement. Avdragstid og sum må vera innanfor grenser som kommunelova setter, jf. Kommunelova § 50 nr. 7. Delegeringa gjeld i heile lånet si løpetid.

Skatt

7. Skattesatsane for inntektsskatt og formueskatt skal være i samsvar med maksimalsatsane vedtatt i Stortinget sitt skattevedtak.

8. Eigedomsskattevedtak for året 2023 i Sauda kommune:

For eigedomsskatteåret 2023 skal det også skrives ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i medhald til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2023 vera lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er grunna nye verdsettelsesreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blei sett på som næringseigedom.

Verkeområde

For skatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næring og faste eigedommer i heile kommunen. Jf. lov om eigedomsskatt til kommunene (eskl.) § 3 første ledd, bokstav a.

- a) Eigedomsskattesats:
- Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2023 er 7 promille, jf. eskl. § 11 første ledd.
 - Differensiert skattesats for bustaddelen i eigedommar med sjølvstendig bustaddel, med tilhøyrande tomt, for 2023 er 4 promille, jf. eskl. § 12 bokstav a).
 - Nedtrapping av eigedomsskatt for maskiner og installasjonar blir gjort med 1/7 del kvart år frå og med 2019.
- b) Takstvedtekter:
- Takstvedtektene for eigedomsskatt i Sauda kommune blei vedtatt i kommunestyret 12. desember 2012, sak 109/12.
- c) Terminar:
- Eigedomsskatten blir skrevet ut i fire terminar, jf. eskl. §25 første ledd.
- d) Takstar:
- Taksering fra 2013 ligg til grunn for satsar.
- e) Unntak frå eigedomsskatt i forhold til eigedomsskattelova § 7 a og b

Kommunestyret vurderer om eigedom tilhørende andre stiftelser/ organisasjoner fritas fra eiendomsskatt på grunnlag av søknad.

9. Kommunestyret vedtar å ta etterreguleringar/utrekning av kommunen sine pensjonskostnader, slik det går fram i aktuarberekningar i Kommunal Landspensjonskasse og i Statens Pensjonskasse, over 7 år.

Verbalforslag

10. Inntekter frå eigedomsskatt på kraftverk aukast med kroner 12 650 140. Avsetning til disposisjonsfond aukast med tilsvarande beløp.

11. Kommunestyret aukar trekket i rammetilskot som følgje av ekstraordinære inntekter frå konsesjonskraft til totalt 52 millionar kroner. Rammetilskudd reduserast med 41 millionar kroner og avsetning til disposisjonsfond reduserast tilsvarande.

12. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram økonomistatus og oversikt over budsjettkontroll for drift i alle ordinære formannskapsmøte som ikkje har tertialrapportering. Ferdigstilte prosjekt skal rapporterast i påfølgande tertialrapport med eit forenkla prosjektrekneskap for prosjektet samla. Det skal og rapporterast på oppfølging av politiske vedtak.

13. Kommunestyret ser med bekymring på bruken av kraftinntekter inn i drifta av kommunen. Det er ei forventning om at arbeidet med Omstilling Sauda 2025 gir resultat allereie i 2023. Formannskapet skal orienterast fortløpande om arbeidet med Omstilling Sauda 2025. Det skal ved tertialrapportering rapporterast om framdrift i omstilling Sauda 2025 og vidare planar for å styrka drifta til Sauda kommune. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei budsjettjustering i 1. tertial der årseffekten av innførte PWC-tiltak og oppdaterte prognosar på kommunens utgifter til straum er med.

14. Støtte til næringslivet.

Kommunestyret er uroa for korleis næringslivet i kommunen skal handtera det høge prisnivået på varer og straum gjennom vinteren og året 2023. Kommunen har ekstraordinære inntekter i 2023, og kommunestyret vedtar å sette av 10 millionar av dette for støtte næringslivet i kommunen. Ordninga blir eit-årleg og er knyta opp til dei ekstraordinære inntektene kommunen får frå kraftsal. Dette grepet vil derfor ikkje auke driftsnivået til kommunen i framtida. Fleire kraftkommunar rundt oss (bla. Hjelmeland, Suldal og Ullensvang) har innført eller gjort vedtak om ulike ordningar til næringslivet. For Sauda KF får i oppdrag å laga ordningar som passar for Sauda.

Innretning på støtteordning til næringslivet:

- Støtte til bedrifter som har høge ekstraordinære utgifter dei ikkje klarar å henta inn på inntektsida.
- 10 millionar tilføres For Sauda KF i budsjettet. Avsetning til disposisjonsfond reduserast tilsvarande.
- Administrasjonen i For Sauda KF skal utgreie korleis innretninga skal gjerast, og om det skal innførast ulike ordningar for å treffa ulike delar av næringslivet.
- Midlane disponerast av For Sauda KF og kan nyttast til Sauda Bedriftskapital AS og ei eiga støtteordning, samt administrasjon av ordninga.
- Ein skal halda seg innanfor «bagatellmessig støtte» i statsstøtteregelverket.
- Styret i For Sauda KF gjer vedtak om støtte til bedrifter.

- Ordninga er midlertidig – og skal avsluttast om det ekstraordinære kostnadsnivået normaliserer seg. Då kan midlane nyttast av For Saуда KF til anna næringsutviklingsarbeid.
- Ordninga skal ikkje gjelda for kraftintensiv industri.
- Støtte skal ikkje nyttast til utbytte.
- Kommunestyret skal ha ordninga til politisk behandling og haldast orientert om bruken av ordninga.

15. Kommunestyret subsidierer kommunale avgifter på vatn med 2,3 millionar kroner og 1,7 millionar kroner på avløp i 2023. Beløpa tilsvarar auka straumutgifter på område vatn og avløp frå 2022 til 2023. Kommunedirektøren får fullmakt til å justera sjølvkostgebyra på vatn og avløp for 2023 med denne endringa. Avsetning til disposisjonsfond reduserast med 4 millionar kroner.

16. Kommunestyret ber om ei orienteringssak om status på VA-området. Saka skal belysa investeringsbehov og etterslep på VA-nettet og utgifter til årlege reoperasjonar - og kva som ligg under VA rammeplan.

17. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei sak om økonomiske vanskar blant innbyggjarar i Saуда. Saka skal gi kommunestyret kunnskapsgrunnlag, vurdere om det er behov for tiltak, og ei utgreiing av korleis ein best kan nå målgruppa med tiltak. Tiltak som kan gjera terskelen lågare for å kontakta Nav skal belysast og om Saуда kommune praktiserer avkorting i stønad når staten aukar sine stønader. Kommunestyret ber og kommunedirektøren vurdere korleis Kulturkortet betre kan treffa aldersgruppa 15 – 18 år i saka.

18. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram sak til kommunestyret der ein ser på moglegheiter for brukarbetaling eller privatisering av kommunale vegar og parkeringsplassar der det er eit ønske frå grunneigarar og hytteforeningar. Saka må sjåast i samanheng med PWC-tiltak #N9 og #N10.

19. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak første halvår 2023 om etablering av minnelund. Saka skal belyse plassering, utforming og kostnad.

20. Kommunestyret aukar posten i næringskapittelet for løypekøyning til 800 000 kroner. Avsetning til disposisjonsfond reduserast med 400 000 kroner.

21. Bustadsutvikling – Styringskort for Næring og samfunn oppdaterast med eit nytt overordna mål: - Fremma ei attraktiv og aldersvennleg bustadutvikling med bustader for både sal og utleige.

22. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei sak om planar for solceller på kommunale bygg. Saka skal visa kunnskapsgrunnlag. Det legges inn prosjekteringsmidlar i 2023 og investeringsmidlar i 2024 til prosjektet i budsjettet.

23. Vegar til utfartsområde legges inn i investeringsplanen som prosjekt E10. Midlane skal prioriterast etter kommunestyrevedtak i sak 081/2018.

24. Kommunestyret vedtek følgande endring i gebyrregulativet: Tillegg til kapittel 1 §5 og punkt d) Plansaker etter kapittel 12:

Følgande reguleringsformål er fritatt for arealgebyr:

- LNFR-områder(pbl § 12-5, nr 5)
- Friområde til offentleg formål(pbl § 12-5, nr 3)
- Grav- og urnelundar(pbl § 12-5, nr 1)
- Områder for naturvern(pbl § 12-5, nr 5)
- Vern av kulturmiljø eller kulturminne(pbl § 12-5, nr 5)
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur som skal være til offentleg formål(pbl § 12-5, nr 2)

25. Kommunestyret ber kommunedirektøren oppdatere investeringsplanen etter vedlegg «Investeringsplan 2023-2026 - politisk behandling». Kommunestyret vedtek følgande endringar i Investeringsbudsjettet:

NR	Beskrivelse av prosjekt	Type	2023	2024	2025	2026
B1	Kjøleanlegg til ventilasjonssystem ungdomsskolen	Bygg		0		
B8	Prosjektressurs investeringstilskudd	Bygg	400 000	400 000	400 000	400 000
B20	Solceller kommunale bygg	Bygg	1 000 000	9 000 000	3 000 000	

C1	Bølgebryter Treaskjæret	Havn	200 000	5 000 000		
E10	Vegar til utfartsområde	Veg	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
F1	Aktivitetspark	UPI	800 000	800 000	800 000	800 000
F6	Ny kunstgressmatte	UPI	100 000	3 900 000		
G19	Prosjektpressurs	VAR	0			

26. Kommunedirektøren oppdaterer tabellar i Budsjett og Økonomiplan med endringar frå overståande verbalpunkt.

1. Kommunedirektøren si innleiing

Me lever i ei historisk usikker tid. To år med pandemi vart avløyst av Russland sin invasjon av Ukraina. Åra med pandemi og krigen i Ukraina har vist at kommunen er godt rigga til å handtere akutte kriser. Kommunen må og legge gode planar og ha eit tenestetilbod som kan handtere konsekvensane av vanskelege tider på lengre sikt, og vera førebudd på at nye kriser kan oppstå.

Invasjonen av Ukraina har medført ein stor flyktningstraum i Europa. Saude stod klar for å ta imot. 56 flyktingar er busett til nå og me venter fleire før årsslutt. Desse har blitt godt tatt i mot av det kommunale tenesteapparatet i godt samspel med dei frivillige. Her er det mange som fortener skryt! For 2023 er det venta at flyktningstraumen vil vera på same nivå – me skal vera klare til å ta imot.

Den auka etterspørselen av elektrisk kraft i ei uroleg verd har ført til ei stor auke i kraftprisane. Driftsbudsjettet til kommunen merkar godt dei auka prisane, men endringa er lita samanlikna med auken i inntekta frå sal av konsesjonskraft. Som kraftkommune er Saude godt stilt, og enda betre blir det med auka energiprisar. For 2023 er 65% av konsesjonskraftvolumet seld på fastpriskontrakt og dei resterande 35% blir seld i spotmarknaden. Totalt estimerer me at Saude kommune vil ha 240 MNOK i netto inntekt på sal av konsesjonskraft i 2023, mot 30 mnok i 2022. Dette er før ein har rekna inn kva staten kuttar i rammeoverføringa til Saude. I urolege tider som nå er det vanskeleg å laga prognosar på kva kraftinntekter kommunen vil ha i framtida. Det me veit er at kommunen må bli meir robust for å møte framtidens utfordringar. Meirinntektene me har nå, bør settast av på eit «kraftfond» for å auka den økonomiske berekrafta til kommunen.

Med prognosane for åra framover er det freistande å snakka om «silkeføre». Det skal eg ikkje. Me lever i ei tid med store demografiske endringar. Victor Normann uttalte i NOUen «Det handler om Norge» at «distrikts-Noreg vil bli ein gamleheim.. og etterkvart ein kyrkjegard». SSB og Telemarksforsking sine befolkningsframskrivingar er ikkje særleg meir positive. Mest sannsynleg skal me bli færre i Saude i framtid. Dette er motsett av ambisjonen i kommuneplan kor ein spør seg om me kan vera 5000 innbyggjarar i 2030. Sjølv om distrikts-Noreg vil ha utfordringar i framtida, så vil nokre distriktskommunar lukkast. Saude skal bli ein av dei! Me har gode forutsetningar med eit kompakt bysentrum der mykje ligger til rette for eit godt liv. På nærings sida går Eramet føre med spanande prosjekter for å redusera CO2-utslipp og effektivisera prosessane. Det sikrar og utviklar nye arbeidsplassar. Me har store satsingar innan grøn ammoniakk, smoltproduksjon og berekraftig reiseliv. Det grønne skifte skjer i Saude!

I budsjett og økonomiplan er det ikkje lagt opp til dei store endringar i satsingar eller driftsnivå frå føregåande år. Hovudfokus framover vil vera det pågåande omstillingsarbeidet – her skal me auka fokus og moment! I næringskapitlet er fokus og nivå som for 2022. Dei siste åra har det vore behov for større budsjettjusteringar gjennom året. I budsjett for 2023 er det lagt opp til eit driftsnivå som ligger tett på kva me vil starta januar 2023 med. I investeringsbudsjettet er det lagt opp til å «bremse» investeringane i 2023. Me har ein relativ høg gjeldsgrad og fleire prosjekter som ikkje er avslutta. Av nye investeringar i 2023 er det eit fokus på energi og sykkel. Frå 2024 og ut økonomiplanperioden er investeringsnivået på eit høgare nivå igjen.

Kommunestyret har vore tydelege på at Saude kommune skal gjera seg mindre avhengige av kraftinntekter for å finansiera driftsbudsjettet. For budsjettet i 2023 er det behov for meir kraftpengar til å dekke driftsutgiftene. Auka lønnskostnader, prisoppgang, auka renteutgifter, tidlegare vedtak og auka tenestebehov eller alle med på å auka driftsbudsjettet. I denne økonomiplanperioden blir det viktig å styrka fokuset på omstillingsarbeidet Saude 2025. For å lukkast

med omstillingsarbeidet er det viktig at heile kommunen – innbyggjarar, tilsette, tillitsvalte, leiarar og folkevalde har eit felles mål og felles forståing for kvifor me må nå målet. Det handlar om Sauda.

God lesing!

Eirik D. Fatnes
Konstituert kommunedirektør

2. Årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023 – 2026

1. Inntektene for Sauda kommune består av rammeoverføring, skattar og avgifter, øyremerka tilskot og sal m.m.

Driftsbudsjett

2. Årsbudsjett for 2023 og økonomiplan for 2024 - 2026, samt avgifter, gebyr og betalingsattsar for 2023 (vedlegg 2) vedtas.
3. Tallbudsjettet vedtas med brutto driftsresultat på 18,0 % av driftsinntekter. Netto driftsresultat utgjer 15,5%. For 2023 er det budsjetter med eit overskot på kr. 100 millionar. Overskotet vert avsett til disposisjonsfond.
4. Driftsbudsjettet vedtas med netto ramme. Det vil si utgifter minus inntekter er likt budsjett. Netto rammer er som følgande:

Politisk nivå og Fagleg stab og støtte	kroner	51 434 668
Oppvekst	kroner	110 270 347
Helse og omsorg	kroner	202 840 130
Næring og samfunn	kroner	109 521 401
Netto driftsramme kraft	Kroner	-206 488 667
Avskrivningar og kalk/renter	kroner	-54 910 506
Total netto ramme	kroner	212 604 373

Nettorammene er inklusive avskrivningar og kalkulatorisk kostnad (VAR), men eksklusiv avsetning til, og forbruk av fond.

Kommunedirektør delegerast myndigheit til å omdisponere innanfor rammene.

Kommunedirektør delegerast myndigheit til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingar. Ledige stillingar skal bli nøye vurdert med omsyn til alternativ organisering for å løyse arbeidsoppgåver utan nyttilsettingar.

Investeringar

5. Investeringsbudsjett for 2023, hovudpostar:

Investering innanfor sjølvkost (VAR)	Kroner	9 500 000
Andre investeringar	Kroner	18 250 000
Startlån for vidareformidling	Kroner	10 000 000

Kommunedirektøren gis fullmakt til å omdisponere midlar i investeringsbudsjettet til vedtekne prosjekter. Delegasjonen er avgrensa til 1 million kroner. Ved omdisponeringar skal formannskapet orienterast.

6. Sauda kommune tar opp følgende lån i 2023:

VAR	Kroner	9 500 000
Øvrige opplån	Kroner	18 250 000
Startlån	Kroner	10 000 000

Kommunedirektør blir delegert myndighet til å ta opp lån og godkjenne endelege lånevilkår, avdragstid, rente og å binde renta for lån innarbeida i budsjettet og vedtatt av kommunestyret, jf. finansreglement. Avdragstid og sum må vera innanfor grenser som kommunelova setter, jf. Kommunelova § 50 nr. 7. Delegeringa gjelder i heile lånet si løpetid.

Skatt

7. Skattesatsane for inntektsskatt og formueskatt skal være i samsvar med maksimalsatsane vedtatt i Stortinget sitt skattevedtak.

8. Eigedomsskattevedtak for året 2023 i Sauda kommune:

For eigedomsskatteåret 2023 skal det også skrives ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i medhald til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2023 vera lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er grunna nye verdsettelsesreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blei sett på som næringseigedom.

Verkeområde

For skatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næring og faste eigedommer i heile kommunen. Jf. lov om eigedomsskatt til kommunene (eskl.) § 3 første ledd, bokstav a.

a) Eigedomsskattesats:

- a. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2023 er 7 promille, jf. eskl. § 11 første ledd.
- b. Differensiert skattesats for bustaddelen i eigedommar med sjølvstendig bustaddel, med tilhøyrande tomt, for 2023 er 4 promille, jf. eskl. § 12 bokstav a).
- c. Nedtrapping av eigedomsskatt for maskiner og installasjonar blir gjort med 1/7 del kvart år frå og med 2019.

b) Takstvedtekter:

- a. Takstvedtektene for eigedomsskatt i Sauda kommune blei vedtatt i kommunestyret 12. desember 2012, sak 109/12.

c) Terminar:

- a. Eigedomsskatten blir skrevet ut i fire terminar, jf. eskl. §25 første ledd.

d) Takstar:

Taksering fra 2013 ligg til grunn for satsar.

e) Unntak frå eigedomsskatt i forhold til eigedomsskattelova § 7 a og b:

- Sjå vedlegg 4.

Kommunestyret vurderer om eigedom tilhørende andre stiftelser/ organisasjonar fritas fra eiendomsskatt på grunnlag av søknad.

9. Kommunestyret vedtar å ta etterreguleringar/utrekning av kommunen sine pensjonskostnader, slik det går fram i aktuarberekningar i Kommunal Landspensjonskasse og i Statens Pensjonskasse, over 7 år.

3. Organisering og arbeidsgivarstrategi

Tilsette i Sauda kommune

Faglig stab og støtte					
Kvinner			Menn		
13			7		
Antall årsverk	Heltid	Deltid	Antall årsverk	Heltid	Deltid
12,3	11	2	7	7	0

Helse og omsorg					
Kvinner			Menn		
249			20		
Antall årsverk	Heltid	Deltid	Antall årsverk	Heltid	Deltid
208,9	133	116	16,8	12	8

Oppvekst					
Kvinner			Menn		
121			19		
Antall årsverk	Heltid	Deltid	Antall årsverk	Heltid	Deltid
113,8	93	28	18,4	18	1


*Kultur blir fra 2023 rapport under Næring og Samfunn

Næring og samfunn					
Kvinner			Menn		
46			43		
Antall årsverk	Heltid	Deltid	Antall årsverk	Heltid	Deltid
36,2	22	24	31,3	28	15

*Kultur blir fra 2023 rapport under Næring og Samfunn

Årsverk totalt:	444,7
------------------------	--------------

Administrativ organisering




Strategisk ledergruppe består av kommunedirektør, personalsjef og økonomisjef (fagleg stab og støtte), kommunalsjef for helse og omsorg, kommunalsjef for oppvekst og kommunalsjef for næring og samfunn. For budsjett 2023 er kultur flyttet frå Oppvekst til Næring og samfunn.

Kommunestyret sitt budsjettvedtak er gitt på områda som er vist i organisasjonskartet.

Heiltidskultur

Sauda kommune skal ha ein heiltidskultur ved at minst 50% av alle tilsette har full stilling. Dette er i tråd med kommunestyrevedtak i 2017 og hovudtariffavtalen (2022), som legg til grunn at det som hovudregel skal tilsettast i heiltidsstilling og at det skal utarbeidast retningsliner med formål om å auke antal på heiltid. Sauda kommune er langt framme i dette arbeidet, men me må arbeide for å ta ut fleire målbare vinstar av heiltidsarbeidet.




Utvikling i antall % heltid perioden 2014 - 2022

Forskning viser at ein heiltidskultur vil gi auka kvalitet for brukarane og færre tilsette pr. brukar/elev, samt lågare sjukefråvær. Fleire tilsette i 100% stilling gir og mindre belastning for tilsette, sterkare fagmiljø og kommunen blir ein attraktiv arbeidsgivar. Heiltidskultur er avgjerande for å sikre kvalitet og kompetanse innanfor stramme rammer og for å sikre tilstrekkeleg med tilgang på ressursar i framtida.

Det blir i 2023 – 2025 ein viktig øving for organisasjonen å oppretthalde ein heiltidskultur og samtidig innfri tiltak i PwC- rapporten.

Sjukefråvær og nærvær på arbeidsplassen



Utvikling i totalt sjukefravær pr 19.10.22, for Sauda kommune for 2021 (grønn) og 2022 (blå)

Totalt var frávær i Sauda kommune på 7,5% oktober 2022. Det fordeler seg med 5,6% legemeldt og 1,6% eigenmeldt frávær.

Tal frå 2022 viser eit lågare sjukefrávær samanlikna med i 2021 (8,8 %), noko me er nøgde med. Til tross for nedgong ser me at eigenmeldt frávær i tertial 1 var veldig høgt. Dette heng saman med smittesituasjonen i Sauda kommune i februar og mars.

Kvar enkelt medarbeidar i Sauda er tilsett fordi dei betyr noko. Kvar enkelt er avgjerande for at me leverer dei tenestene me skal til saudabuen. Nærvær er ein forutsetning for gode tenester. Sauda kommune har heiltid og tett oppfølging av tilsette som hovudstrategi. Her ser me at arbeidet saman med NAV arbeidslivsenter og partane i arbeidslivet har gitt oss ny kunnskap, som me vil iverksette i rutinar og praksis i organisasjonen.

Oppfølging av sjukefrávær er krevjande. Det forutsetter kontinuerleg oppfølging av dei faktorane me kan påverka. Samtidig er det ein del faktorar som me ikkje kan påverka.

Lærlingar

Sauda kommune har per. i dag 15 lærlingar; 13 innan helsefag og to innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. I tillegg samarbeider me med Brakamoen barnehage og Sauda vidaregåande skule som har 1 lærling kvar. Dei to lærlingane hos samarbeidspartnerar har læretid i kommunen. Kommunen sine lærlingar får og læretid i Brakamoen barnehage og Sauda vidaregåande skule.

Kompetanseutvikling

Sauda kommunes viktigaste ressurs er dei tilsette. Motiverte tilsette med rett kompetanse er avgjerande for å drive god tenesteyting og utvikling av tenestene. Arbeidsplassen blir brukt som læringsarena for å fremme individuell og kollektiv kompetanseutvikling.

Hausten 2022 starta distriktsvennleg sjukepleiarutdanning, som eit direkte resultat av samarbeidsprosjektet MOR i regi av Ryfylke IKS. Arbeidsgivar Sauda kommune har tre tilsette som deltar i utdanning, og det er totalt fem deltakarar som er heimehøyrande i Sauda kommune.

PWC-rapporten har peikt på at det er avgjerande å istandsette leiarar til å gjennomføre, leie og skape motivasjon for endring i organisasjonen. Det er i perioden 2023 – 2026 satt av midlar til å gjennomføre leiarutviklingsprogram internt i organisasjonen, der og hovudtillitsvalte (htv) blir invitert med. Den første samlinga vart gjennomført i 2022.

4. Overordna føringar for økonomiplanperioden


Samanheng budsjett- og økonomiplan og kommuneplan

Budsjett og økonomiplanen samlar kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og årsbudsjett i eit dokument. Kommunelova legger til grunn at det skal vera ein kopling mellom kommuneplanens samfunnsdel og økonomiplan.

Kommuneplanens handlingsdel viser prioriteringar og tiltak for å nå dei langsiktige måla i samfunnsdelen og andre temaplanar. Kommuneplanens handlingsdel rullerast årleg.

Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd, og gi ein realistisk og fullstendig oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver innanfor drift og investering. Økonomiplanen skal omfatte minst ein fireårsperiode og bli revidert årleg.

Årsbudsjett er ein forpliktande plan for bruk av kommunen sine ressursar i det komande året (Kommunelova §14-5). Årsbudsjettet konkretiserer økonomiplana og gjeld heile kommunen si verksemd. Årsbudsjettet er det første året i økonomiplanen og reviderast årleg.




Det kommunale plansystemet

Økonomiske rammevilkår


Budsjettforslaget tar utgangspunkt i vedtatt budsjett for 2022. Driftsbudsjettet er justert for løns- og prisvekst, nye oppgåver og lokalpolitiske vedtak og planar. Regjeringa Støre sitt forslag til statsbudsjett for 2023 er innarbeida i inntektsprognosane. Sauda Kommune har store kraftinntekter. Grunna auka straumpris vil netto inntekt frå sal av konsesjonskraft auka stort samanlikna med tidlegare år. Meirinntektene blir nytta til å dekke inn auke i driftsutgiftene og til

å byggje ein økonomisk buffer i disposisjonsfondet. I desse urolege tidene er det vanskeleg å gi gode prognosar på inntekter frå konsesjonskrafta framover. Det er antatt at inntektene vil vera relativt store dei første åra i økonomiplanperioden, for så å bli redusert mot slutten av perioden. Det er anbefalt at ein nyttar åra med gode kraftinntekter til å gjera økonomien til kommunen meir robust. For 2023 vil konsesjonskraftinntekter aleine stå for ca 31% av dei samla inntektene til kommunen. Totalt vil kraftrelaterte inntekter utgjera 38% av inntektene til kommunen i 2023.



Kommunen sine inntekter i 2023

For 2023 er 65% av konsesjonskraftvolumet seld på fastpriskontrakt. Resten blir selde i spotmarknaden. Kommunen er difor sikra store inntekter i 2023. For dei siste åra i økonomiplanperioden er prognosane særst usikre. Det er lagt til grunn at straumprisen vil halda seg høg, men gå noko ned mot slutten av planperioden. I tillegg til ein usikkert kraftmarknad veit ein heller ikkje kva resultatet av inntektssystemutvalet sitt framlegg vil bli. Det er difor gode grunnar til å sjå på desse prognosane med stor grad av usikkerheit.



Kraftrelaterte inntekter historisk og budsjett 2023

I Statsbudsjettet har regjeringa lagt inn eit trekk på 3 mrd kroner for kommunar med spesielt høge konesjonskraftinntekter. Sauda kommune vil nok hamna i denne kategorien, men kor stort trekk me vil få er usikkert pr i dag. Dette blir først kjent i desember. Regjeringa legger opp til ei vekst i dei frie inntektene til kommunane på 1,7 mrd kroner. Dette er ei mager trøyst da prisveksten for kommunane blir mykje større.

Eit anna forslag som kan få negative konsekvensar for Sauda kommune er stopp i investeringstilskot til nye sjukeheimar og omsorgsbustader i 2023. Om ordninga blir permanent avvikla vil me ikkje kunne få tilskot til nye PPU-bustader og nye institusjonsplassar. Konsekvensen for Sauda kommune vil bli auka låneopptak, noko som vil belasta driftsbudsjettet.

Det er og venta at renteutgiftene vil auka i 2023 og 2024, noko som gir kommunen auka utgifter. Mot slutten av økonomiplanperioden er renta venta å gå noko ned igjen.

Finansielle måltal

Ny kommunelov gir kommunane ei plikt til å fastsetja finansielle måltal for eigen kommune. Intensjonen er at dette skal vera eit uttrykk for ein lokal økonomisk politikk, der måltala fungerer som lokale handlingsreglar.

Måltal 1: Netto driftsresultat skal vera minimum 1,75% av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat viser kva kommunane har igjen til finansiering av investeringar eller til å byggja på reservar. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunesektoren. Teknisk berekningsutval (TBU) for kommunal og fylkeskommunal økonomi gir råd om at kommunane over tid har eit netto driftsresultat på 1,75%. Eit positivt netto

driftsresultat ut over dette vil fungera som ein tryggleik mot uføresette kostnader eller reduserte inntekter.

Måltal 2: Netto lånegjeld skal ikkje overstiga 80% av brutto driftsinntekter


Høg gjeldsgrad gir høge utgifter til renter og avdrag og vil redusera kommunen sitt handlingsrom (drift). Gjeldsgrada kan sjås på som økonomisk berekraft over 20-40 år fram i tid.

Måltal 3: Disposisjonsfondet bør utgjera minimum 10% av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfondet er kommunen sin viktigaste buffer for unngå uforutsette negative utslag i økonomien (for eksempel uforutsett auke i rentenivå eller nedgang i skatteinntekter) skal få umiddelbar effekt på tenestetilbodet.


Økonomisk utvikling i planperioden

I forslag til økonomiplan er situasjonen til kommunen sterkt påverka av høge inntekter frå sal av konsesjonskraft. Dette gir kommunen eit ekstraordinært driftsresultat samanlikna med historiske resultat.




Netto driftsresultat oppnådd historisk og prognose for økonomiplanperioden

Lånegjelda gir kommunen rente- og avdragsutgifter. I figuren er lånegjelda for VAR (Vann, Avløp, Renovasjon)-området og renteeksponert gjeld vist. Det er renteeksponert gjeld som belastar driftsbudsjettet til kommunen. Med framlagt investeringsplan vil renteeksponert gjeld ligge stabilt gjennom perioden. Lån på VAR-området vil auka gjennom perioden, grunna behov for større investeringar. Dette er sjølvkostområde og blir belasta brukarane gjennom gebyra.



Lånegjeld fordelt på VAR-område og øvrige lån

Disposisjonsfondet vil få ei kraftig auke gjennom økonomiplanperioden. Dette gjer kommunen betre i stand til å finansiera drifts- eller investeringsutgifter, noko som kan gjera kommunen i stand til å gjera grep for å gjera Sauda meir attraktive som blant anna utløyning av tunnel mot E134.




Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter

Befolkningsutvikling og demografi

Sauda har hatt ei relativt jamt fallande befolkningsutvikling sidan 1962. Sidan årtusenskiftet er folketalet gått ned med ca 550 personar. I SSB si siste framskriving er det stipulert at denne utviklinga skal halde fram, og folketalet forventast å vere på om lag 4.000 i år 2040.

Framtidsutsiktene gir Sauda den klart største nedgongen i Rogaland både i faktiske tal og i prosent (-12 %). Ut frå framskrivingane som er gjort bør Sauda sitt hovudmål framover (vil fortsett) vere å jobbe for ei stabilisering i folketalet.

Det er viktig for Sauda å vere klar over dette sjølv, men ikkje minst få synleggjort denne situasjonen til Statsforvaltar, fylkeskommune og nasjonale organ – både politisk og administrativt. På fylkesnivå må ein synleggjere den særskilte situasjonen Sauda er i når det gjeld både folketal- og samferdselsutfordringar. På nasjonalt nivå må det fokuserast på at Sauda er ein typisk distriktskommune – og ikkje ein typisk Rogalandskommune. Ein må også påpeike at Sauda er ein av få kommunar som blir rekna som eigen bu- og arbeidsmarknadsregion.



Befolkningsutvikling Sauda 2000-2050


For det kommunale tenestetilbodet har utviklinga i dei yngste og eldste aldersgruppene størst betydning. KS har utarbeida anslag for årleg endring i utgifter knytt til ulike tenesteområde basert på SSB sine folketalsframskrivingar. Dette viser at ein i pleie- og omsorg må forvente ei

samla auke i neste 10-årsperiode på 8,1 mill kr. For skule, barnehage og barnevern er det derimot berekna eit samla mindrebehov på 27,1 mill kr.


Den generelle trenden er at det vert fleire eldre både i tal og del av befolkninga i heile analyseperioden. I dag utgjer aldersgruppa over 67 år 20 %, i 2050 er det anslått at dette vil utgjera bortimot 30 %. I reelle tal aukar gruppa med 250 personar i perioden. Ifølge SSB vil det altså årleg bli om lag 10 fleire personar i aldersgruppa over 67 år. Ifølge stortingsmelding «Leve hele livet» har ca 20 % av eldre høgt forbruk av helsetenester og høg risiko for institusjonalisering. Nyttar ein dette som eit grunnlag vil ein i Sauda ha behov for å auke kapasiteten med 2 plassar årleg.

For aldersgruppa 0-15 er det verdt å merke seg at det er fram mot 2030 den største endringa skjer. Aldersgruppa 0-15 tel i dag om lag 830 personar, og fram mot 2030 vil denne gruppa reduserast med ca 135 personar. I perioden 2030-2050 vil aldersgruppa halde seg meir stabil i underkant av 700.


Ser ein på Telemarksforsking sine berekningar følger dei i stor grad SSB sine tal i prosent, men ligg generelt sett lågare i folketal. Telemarksforsking sine modelleringar opererer berre ved høg attraktivitet med eit folketal på nivå med SSB sine tal.




Utvikling i antal- unge og eldre frå 2022 - 2050



Utvikling i prosent av unge og eldre frå 2022 – 2050




Aldersgruppa 0-15




Aldersgruppa 67-105

For skatteinngangen til kommunen, og folk og kompetanse til næringslivet, er aldersgruppa 20-66 avgjerande for å oppretthalde ein berekraftig masse i arbeidsdyktig alder. Dette er poengtert blant anna i Demografiutvalet og Distriktsnæringsutvalet sine rapportar. Eramet sin Bærekraftrapport tar også opp dette som eit sentralt element og forutsetning for å kunne drifte sine verksemder i framtida. SSB anslår at det i 2040 vil vere om lag 430 færre personar i aldersgruppa 20-66 (totalt 2.151), medan Telemarksforsking sine tal seier snautt 500 færre saudabuar i arbeid om 18 år (totalt 1.994). Trenden er for alle alternativ relativt jamn i perioden fram mot 2050.



Aldersgruppa 20-66

Forsørgarbyrde er eit mål på antal personar i aldersgruppa 20-66 pr person over 66 år. Denne er avtakande i heile landet, men gjer seg sterkast gjeldande i distrikta. Nasjonalt er talet i dag 3,5, synkande til 2,3 i 2050. For Sauda sin del vil forholdstalet gå frå 2,7 ved inngangen til 2022 til 2,1 i 2030 og synkande til 1,6 i 2050. Legg ein tala til Telemarksforsking til grunn, vil tala gå heilt ned mot 1,2 i forsørgarbyrde.



Forsørgarbyrde (personar 20-66/personar 66+)

Både historisk utvikling og framskrivingane til SSB og Telemarksforsking gir tydeleg signal mot å arbeide med folketalsutfordringane. Distriktsmeldinga som er varsla våren 2023 må følgjast opp og ein må som sagt synleggjere Sauda sin atypiske status i Rogaland.

Distriktsnæringsutvalet påpeika i sin NOU at distriktskommunar i lite sentrale strøk i større grad enn i meir sentrale kommunar er avhengig av arbeidsplassutvikling. Fortsett fokus på å skape og oppretthalde arbeidsplassar er difor viktig. Ein bør samtidig søke å skape ytterlegare breidde i arbeidsmarknaden, kanskje særleg om ein lukkast med å etablere dei relativt tunge ingeniør- og teknisk retta ammoniakk- og akvakulturinitiativa. Dersom Sauda lukkast med nyetableringar og vekst i næringslivet viser dei mest optimistiske framskrivingane til både SSB og Telemarksforsking at folketallet vil halde seg relativt stabilt på ca 4.500 personar også i framtida. Dette kan også gi grunnlag for ei betre demografisk fordeling.

Eit hovudmoment for å motverke fortsett folketalsnedgang er å redusere avstandsutfordringar og kontinuerleg utvikle bustadattraktiviteten. Eit utdrag frå NOU – «Det handler om Norge» gir ei god oppsummering av dette (10.4 Velfungerende bolig- og arbeidsmarkeder og infrastruktur som binder landet sammen);

«God fysisk infrastruktur gir muligheter for å ta del i et større arbeidsmarked og få tilgang til et større utvalg av varer og tjenester. Et område blir dessuten mer attraktivt som bosted når det er mulig å flytte dit uten å skifte jobb, eller skifte jobb uten å flytte. Det gir ikke bare egne karrieremuligheter, men også muligheter for livsledsager.

Veiutbygginger som knytter sammen større befolkningkonsentrasjoner, vil gi større mangfold og økt bredde i arbeidsmarkedet. Det gir grunnlag for produktivitsvekst gjennom storskalafordele, læringseffekter og flere jobber som samsvarer med arbeidstakernes kompetanse. Utvalget mener derfor at det må investeres mer i veiprosjekter som utvider og styrker integrasjonen i de regionale arbeidsmarkedene.»

Alle figurar: Regional analyse for Sauda; Telemarksforsking;


<https://regionalanalyse.no/rapport/1135/>

5. Omstilling Sauda 2025

Sauda – og resten av Noreg – står ovanfor store demografiske endringar dei neste tiåra. Me blir fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder.

Inntektssystemet for kommunesektoren er slik at antal innbyggjarar og befolkningssamansetning direkte påverkar det årlege rammetilskotet som Sauda kommune får frå Staten. Samtidig som at utgiftsbehovet i Helse og Velferd vil veksa framover må Sauda kommune vera førebudd på lågare inntektsvekst i framtida. Sauda har behov for å redusera driftsnivået i dag – for å kunne møte framtidens utfordringar.

Kommunar som har store frie inntekter har og ein tendens til å ha eit høgt utgiftsnivå. Som ein ser av figur så plasserer Sauda kommune seg med høge netto driftsutgifter per innbyggjar samanlikna med dei frie inntektene til kommunen.



Samanhengen mellom frie inntekter pr innbyggjar og netto driftsutgifter pr innbyggjar. Frå Kommunebarometeret 2022

Det er særleg innan pleie og omsorg og kommunehelse me har eit høgt utgiftsnivå. Tala i tabellen er korrigert for utgiftsbehovet kommunen har.

	2017	2018	2019	2020	2021
ENH01 Netto utgifter til grunnskole per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet	141	178	70	112	43
ENH02 Netto utgifter til pleie og omsorg per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet	274	277	314	323	327
ENH03 Netto utgifter til barnehage per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet	184	67	51	113	115
ENH04 Netto utgifter til barnevern per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet	267	275	239	202	156
ENH05 Netto utgifter til sosialhjelp per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet	273	247	249	216	140
ENH06 Netto utgifter til kommunehelse per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet	231	286	287	313	320
ENH07 Netto utgifter til administrasjon per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet	139	230	175	205	110

Netto utgifter til dei ulike tenesteområda. Frå Kommunebarometeret 2022

Kommunestyre vedtok Omstilling Sauda 2025 i budsjettet for 2021. PwC vant oppdraget og presenterte sitt arbeid hausten 2021. «Sauda kommune er ein kommune med betydelege kraftinntekter og har difor langt høgare samla inntekter enn den norske

gjennomsnittskommunen. Til tross for dette vart det i budsjettet for 2021 budsjettert med eit negativt driftsresultat på 0,61%. Meirinntektene, som burde gi kommunen ein god moglegheit til å bygge opp eit betydeleg økonomisk handlerom, brukast hovudsakleg inn i ordinær drift».

Rapporten viste eit stort potensial for å redusera utgifter for Sauda kommune. I budsjettet for 2022 vedtok Kommunestyret eit mål om å innan 2025 frigjera 35 mnok per år til fondsavsetning.

I budsjett for 2022 blei det innarbeida fleire tiltak for å få budsjettet i balanse. Gjennom 2022 har det blitt jobba godt med fleire av desse tiltaka. Det tar tid å jobba med endring og omstilling og gevinstane kommer gjerne ikkje umiddelbart. Ein har difor ikkje evna å oppnå den gevinstrealiseringa som vart lagt til grunn for budsjettet for 2022.

PwC-rapporten blir lagt fram politisk med kommunedirektørens vurderingar parallelt med denne budsjettprosessen. Det er eit behov for å auka fokus og moment i arbeidet med Sauda 2025. Effekten av dei omstillingsprosjekta ein er trygg ein vil oppnå i 2023 er lagt inn i budsjettet. Tiltak som per i dag ikkje er «modne» nok er ikkje lagt inn. Det blir lagt opp til ein tettare oppfølging av «Sauda 2025» framover og at effekten av tiltaka vil bli følgt opp i prosjektet. Reduksjon i årsverk er lagt til grunn for økonomiplanperioden. Det blir lagt opp til jamleg rapportering til folkevalde organ.

6. Satsingsområder

I kommuneplanens samfunnsdel er det peika ut fem temaområder som skal ha merksemd og som skal tilførast ressursar i planperioden. For å kunne følgje opp satsingsområda vil det vera viktig å kople dei opp mot økonomiplanen.

FN sine berekraftsmål skal bli lagt til grunn i all kommunal verksemd. Kommuneplanens samfunnsdel prioriterer og omset FN sine berekraftsmål til lokale forhold for å sikre ein sosial, økonomisk og miljømessig berekraftig utvikling.



Oversikt over dei fem temaområda i kommuneplan og kopling mot FNs berekraftsmål

Innovasjon, samarbeid, samskaping

I følgje SSB sine befolkningsframskrivingar skal talet på 67+ stiga med 20% fram mot 2035. Samtidig vil delen av folk i arbeidsfør alder synka. Dette betyr at dei kommunale tenestene ikkje kan vera på same nivå eller på same måte som i dag. Det blir svært viktig å leggja til rette for at dei fleste i denne aldersgruppa skal klare seg sjølve så lenge dei kan, og leva gode liv i eigne heimar. Men behovet for omsorgstenester vil auke, og alle som treng det skal få eit godt tilbod. For å klare dette må me lukkast med mellom anna følgjande:

- Me må få nok folk med rett kompetanse til å jobbe i Sauda
- Me må ta i bruk verktøy som gir auka effektivitet og kvalitet
- Me må skapa arbeidsformer der kommune, næringsliv, lag, foreiningar og enkeltpersonar saman sikrar gode løysingar

Tiltak planlagt i perioden:

- Inngå samarbeidsavtale med lag og organisasjonar for å oppnå auka samskaping
- Gjennom RITS og DigiRogaland ta i bruk digitalisering for å auka kvalitet og effektivitet i kommunal tenesteyting
- Søknad om Bygdevekstavtale i samarbeid med Suldal kommune
- Støtte opp om etablering av eit utdanningscenter i indre Ryfylke som sikrar at ein kan gjennomføra utdanning der ein bur
- Gjera forsøk med ulike tiltak som kan stimulera arbeidet med entreprenørskap og innovasjon i barnehage og skule, også i samarbeid med lokalt næringsliv
